

Retningslinjer for kommunalt bustadtilskot til førstegongsetablerarar i Hyllestad kommune

Intensjonen med ordninga er å motvirke fråflytting og stimulere for tilflytting. Ordninga rettar seg mot førstegongsetablerarar.

1. Tilskot kan bli gitt til privatperson som ønskjer å busetje seg i Hyllestad kommune, og som byggjer eller kjøper heilårsbustad. Tilskotet er på 10 % av kjøpesum inntil kr 250 000.- og gjeld for førstegongsetablerarar i Hyllestad kommune. Det vert ikkje gjeve tilskot når søkjar, sambuar, ektefelle eller registrert partner, har eigd bustad i kommunen tidlegare. Bustadtilskotet gjeld ved tinglyst eigarskifte der tidlegare eigar ikkje er deleigar.
2. Næringsaktørar dett utanfor retningslinjer for tilskot, med unntak av bustadhus på gardsbruk.
3. Søkjar treng ikkje å vere registrert busett i kommunen ved tidspunkt for skriftleg søknad, eller når tilskotet vert innvilga. Søkjar mottok tilskotsbrev frå kommunen, som kan nyttast som del av eigenkapitalkravet i finansieringa av bustaden.
4. Søkjar må vere registrert busett i kommunen før utbetaling av tilskot.
5. Tilskotet vert utbetalt når endeleg ferdigattest er gjeve eller skøyte er tinglyst.
6. Innvilga tilskot til nybygg skal nyttast innan to år frå tidspunkt for godkjenninga. Dersom søkjar ikkje har fått ferdigattest innan to år, så fell kommunen sitt tilbod automatisk bort utan føregåande varsel. Hyllestad kommune kan i enkelttilfelle, og etter skriftleg søknad, innvilge eitt års utsetting. Søknad om utsetting skal grunngjevast.
7. Innvilga tilskot til kjøp av sjølveigd bueining skal nyttast innan seks månader frå tidspunkt for førehandsgodkjenning/tilskotsbrev. Vedtaket vert gjort når søkjarskal by på konkrete bueiningar. Dersom ikkje skøyte/kontrakta er signert innan seks månader, så fell kommunen sitt tilbod automatisk bort og utan føregåande varsel.
8. Eventuelle likningsrelaterte problemstillingar knytt til motteke tilskot er kommunen uvedkommande.
9. For inndekning av kommunen sine kostnader skal det opprettast eit kommunalt driftsfond som vert vedteke i samband med årleg budsjett og økonomiplan.
10. Reviderte retningslinjene gjeld frå og med 01.01.2023. Retningslinjene skal reviderast årleg i samband med økonomiplanarbeidet.

Ordninga med bustadtilskot vert vurdert i si heilheit som del av budsjett og økonomiplanen for 2023-2026.

11. Før utbetaling skal mottakar skrive under ein avtale der mottakar aksepterer retningslinene for tildeling.
12. Tilskotet utløyser 10 års bindingstid, men med 10 % nedskrivning av tilskotet per år (10 % av tilskotssum i fast årleg sum). Ved eit eventuelt sal av bueininga før 10 år, skal tilskotet betalast attende i samsvar med kor mange år ein har budd i kommunen etter at ferdigattest/skøyte vart motteke.
13. Tilskotet vert tinglyst som ein urådighetserklæring på eigedommen. Bueininga kan då ikkje seljast utan samtykke frå Hyllestad kommune. Tinglysningsgebyr vert dekkja av Hyllestad kommune.

Retningslinjer for tilskot til bustadetablering frå 1.1.2021 vedteke av kommunestyret sak 21/056.
Reviderte retningslinjer frå 1.1.2023 vedteke av kommunestyret sak 22/080.